

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 12. mai 2014
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 08/14 – 09/14

SAKLISTE:

06/14 Godkjenning av protokoll frå møte 10.02.14

07/14 Referat- og orienteringssaker 12.05.14

08/14 Etne kommune sin årsrekneskap for 2013 – kontrollutvalet sin uttale

09/14 Orientering om einingane – drift og vedlikehald

Eventuelt

Aksdal, 05.05.14

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sakene 08/14 - 09/14)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	12.05.14	06/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.02.14

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 10.02.14

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.02.14 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 05.05.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 10. februar 2014 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 14.45
MØTANDE MEDLEMER:	Lars Ebne (Krf), Ståle Tungesvik (Sp), Trude Enge (Frp) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Ivan Kaldheim (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Nils Ramsvik (1. vara)
FORFALL VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Partner/revisor Willy Hauge - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.11.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 18.11.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.14:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 18.11.13 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.02.14

1. Statusrapport pr. februar 2014
2. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
3. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
4. Skatterekneskapen 2013
5. Etiske retningslinjer – Etne kommune
6. Møtet er satt! – handbok i møteleiing frå KS (eige hefte)

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.14:

Sekretær gjorde greie for referatsakene, og orienterte frå NKRF-konferansen som hadde vore svært interessant og lærerik. Hefte om møteleiing blei godt motteke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 1 – 6 til orientering.

SAK 03/14 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.14:

Sekretær gjorde greie for årsmeldinga. Utvalet hadde spørsmål knytt til økonomien og forbruket av revisjonstenester i 2013. Medlemmene sa seg godt nøgde med årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.14:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 04/14 FRAMLEGG AV PROSJEKTPLAN – «VA-OMRÅDET»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tiltrer prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av «VA-området» slik den ligg føre/med desse endringane.....

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.14:

Leiar orienterte om prosjektplanen med ei ramme på 185 timar. Han fortalde om prosessen fram til at han hadde godkjent planen og kva som var endra. Utvalet var samd om at dei ønskte at pkt. 4 om samanlikning av gebyr, blir teke inn att i planen. Dette vil auke ramma med 15 timar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.14:

Etne kontrollutval tiltrer prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av «VA-området» med denne endringa:

Føljande spørsmål blir teke inn att i planen:

«Korleis er gebyrnivået i kommunen samanlikna med andre samanliknbare kommunar?»

**SAK 05/14 OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ FORVALTNINGS-
REVISJON – ØYANE ASVO AS**

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.14:

Leiar orienterte. Han tok føre seg styret sitt tilsvar og gjorde punktvis greie for kva tiltak og forbetringar som selskapet og styret hadde gjort. Utvalet hadde ei meningsutveksling og drøfta utviklinga i selskapet ut frå deira eigen kjennskap. Intrykket var at utviklinga i selskapet gjekk i rett retning.

Revisor sakna ei meir konkret forklaring frå styret/daglig leiar kva dei hadde gjort. Han hadde helst sett at tilbakemeldinga var underbygd med tal og analysar.

Utvalet var samd om at dei ville presisera til eigarane at ei tett oppfølging var viktig ei tid framover.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.14 og innstilling:

Etne kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

Etne kommunestyre ber administrasjonen følgje utviklinga i selskapet nøye.

EVENTUELT

Utvalet var samd om at dei ville ha ei orientering frå administrasjonen som eit fast punkt på kvart møte i 2014. Dette både for å kunne følgje betre med på alt som rører seg i kommunen, samt ei von om auka medverknad frå medlemmene i utvalet. Førebels framlegg til plan:

12.05.14 – teknisk, spesielt om vedlikehald

22.09.14 – skulesektoren, med vekt på mobbetiltak

10.11.14 – helsesektoren

Neste møte: måndag 12. mai 2014, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 10. februar 2014

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	12.05.14	07/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.05.14**Saksvedlegg:**

8. Statusrapport pr. mai 2014
9. Kom.styrevedtak 25.02.14, sak 01 – Forvaltn. rapport – Målstyring
10. Kom.styrevedtak 25.02.14, sak 06 – Oppfølging av rapport – Øyane ASVO
11. Kontrollrapport 2013 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
12. Representantskapsmøte – 04.04.14 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
13. Representantskapsmøte – 20.05.14 - Interkommunalt arkiv Hordaland
14. Representantskapsmøte – 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte – 28.04.14 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte – 21.05.14 - HIM IKS
17. Representantskapsmøte – 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 8 - 17 vert tatt til orientering.

Aksdal, 05.05.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt mai 2014 – Kontrollutvalet i Etne

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
VA-området	22.01.14	185 timar	Under utarbeiding	22.09.14	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Målstyring	13.05.13	18.11.13	K-st 25.02.14	22.09.14	150 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	K-st 26.02.13		
Øyane Asvo AS	26.11.12	13.05.13	K-st 18.06.13	KU/K-st 10.02.14/ 25.02.14	
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		15.09.11	Kst	26.11.12	Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	K-st 30.10.12		
Andre saker					



ETNE KOMMUNE
TENESTETORGET

VEDLEGG SAK 7/14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 06.03.14
Journalført: 14/105/ogh
Arkivkode: 217

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
postboks 57
5575 AKSDAL

Etne, 05.03.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2014000336/2014001474

Arkiv:
N-

Sakshandsamar:
EWH

MÅLSTYRING - RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON

Saka vart handsama i kommunestyret 25 02 2014. Vedlagt følgjer kopi av saka. Dette til orientering.

Med helsing

Eva Wiik Hustoft
Eva Wiik Hustoft
Konsulent

Vedlegg: K-sak 001/14



Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	25.02.2014	001/14	EWB

Sakshandsamar: Eva Wiik Hustoft	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2014000336
---	------------------	----------------------------------

MÅLSTYRING - RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg i saka:

Kontrollutvalssak 19/13

Målstyring – rapport frå forvaltningsrevisjon i Etne kommune – utarbeida av KPMG AS

Utrykte saksdokument:

Ingen

Saksgang:

Kontrollutvalet
Kommunestyret

Utskrift til:

Kontrollutvalet

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Målstyring - Rapport etter forvaltningsrevisjon.

2. Bakgrunn for saka:

I plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Etne kommune var revisjon av «Strategi, målstyring og internkontroll» eit av dei områda som fekk høgast prioritet.

TILRÅDINGFRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

25.02.2014 KOMMUNESTYRE

Jostein Osnes (V) fremma nytt pkt 2 og 3.

«Rapporten vert oversendt til rådmannen for oppfølging. Kommunestyret ber rådmannen snarast råd er å gi kommunestyret ei vurdering av om det er tenleg å halda fram med prosjektet ut frå dei erfaringane ein hittil har med gjennomføringa og erfaringane som dei tilsette har gjort i arbeidet med prosjektet.

Dersom rådmannen tilrår å vidareføra prosjektet, ber kommunestyret om at det blir fremma konkrete forslag til tid for slutføring av prosjektet, klargjering av kven som har ansvaret for gjennomføringa og kva kostnader ei vidareføring vil få bådei tidsbruk og evt kjøp av tenester.»

RØYSTING:

Pkt 1 i tilrådinga frå Kontrollutvalet samrøystes vedteke.

Pkt 2 i tilrådinga frå Kontrollutvalet opp mot forslaget frå Osnes.

Kontrollutvalet si tilråding fekk 20 røyster, forslaget frå Osnes fekk 1 røyst og fall.

Pkt 3 i tilrådinga frå Kontrollutvalet opp mot forslaget frå Osnes-
Kontrollutvalet si tilråding fekk 20 røyster, forslaget frå Osnes fekk 1 røyst og fall.

Etter dette ligg det føre slikt

K-001/14 VEDTAK:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

050314
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Eva Wik Hustoft



ETNE KOMMUNE
TENESTETORGET

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 05.03.14
Journalført: 14/104/ogh
Arkivkode: 217

VEDLEGG SAK 7/14

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 AKSDAL

Etne, 04.03.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2014000382/2014001455

Arkiv:
N-

Sakshandsamar:
EWH

**OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ FORVALTNINGSREVISJON - ØYANE ASVO
AS**

Saka vart handsama i kommunestyret 25 02 2014. Vedlagt følgjer kopi av saka. Dette til orientering.

Med helsing

Eva Wiik Hustoft
Eva Wiik Hustoft
Konsulent

Vedlegg: K-sak 006/14



53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: firmapost@etne.kommune.no · www.etne.kommune.no

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Oppfølging av rapport frå forvaltningsrevisjon Øyane ASVO AS.

2. Bakgrunn for saka:

Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane ASVO AS blei handsama av kontrollutvalet på møte 13 05 13. Kommunestyret handsama rapporten den 18 06 13 og gjorde følgjande vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Etne kommunestyre har merka seg det som kjemfram i forvaltningsrevisjonsrapporten om Øyane ASVO AS og vil be styre for selskapet arbeide vidare med revisor sine tilrådingar til betring av styring og drift av selskapet.

Styret blir bedd om å gje kontrollutvalet ein rapport om status for arbeidet innan 31 12 13.»

TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

25.02.2014 KOMMUNESTYRE

K-006/14 VEDTAK: (samarøystes)

Etne kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

04.03.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Eva Wibe Hlustoft



Skatteetaten

Saksbehandlar
Frode Kristiansen

Dykkar dato

Vår dato
14.02.2014

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2013/148631

Kommunestyret i Etne kommune
Postboks 54
5591 Etne

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.04.14
Journalført: 14/85/054
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Etne kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
1,0	0,83	1,0

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Etne kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 385 395 594 og utestående restansar² på kr 9 233 324, av dette krav stilla på vent kr 68 304. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 23. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Etne kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	11,9	97,1	96,3	99,1	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	57,9	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	30,9	99,2	98,8	99,0	99,3
Forskotstrekk 2012	130,8	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	18,2	100,0	99,6	99,2	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	5,6	100,0	99,5	100,0	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Etne kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland kommunale regnskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
180	9	5	2,8	4,6	1,7	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing.

Siste stadlege kontroll vart gjennomført 24. mai 2013 (arbeidsgjevarkontroll).

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skatteoppkrevjarkontoret har ikkje gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne med omsyn til arbeidsgjevarkontrollen.

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkreivjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,8% kontrollar mot eit krav på 5%. Målkravet om avdekking (beløp) i 50% av kontrollane var heller ikkje oppfylt (2012: 0 av 8 kontrollar, 2013: 0 av 5 kontrollar).

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlinger i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 17. juli 2013 (arbeidsgjevarkontrollen).

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollering

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Etne kommune
- Skatteoppkrevjaren for Etne kommune
- Riksrevisjonen



**REFERAT FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
FREDAG 4 APRIL KL. 10.00-12.30 PÅ MOSTER AMFI, BØMLO**

Desse møtte:

Olav Njåstad
Ingrid Møgster
Edvard J. Stangeland
Ingemund Berge
Ida Marlen Havn
Arve Opsanger
Ove Lemica
Otto Benjaminson
Anne Olaus Jacobsen
Linn Therese Erve
Lorentz Lunde
Steinar Frugård
Ingrid Tysnes Stue

Austevoll kommune
Austevoll kommune
Austevoll kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Kvinnherad kommune
Kvinnherad kommune
Kvinnherad kommune
Sveio kommune
Sveio kommune
Tysnes kommune
Tysnes kommune
Tysnes kommune

Frå Samarbeidsrådet møtte:

Kjetil Hestad
Wenche Tislevoll
Synnøve Solbakken
Sigve Sørheim
Renate Klepsvik
Trond Sætereng

Tysnes kommune
Fitjar kommune
Kvinnherad kommune
Etne kommune
Austevoll kommune
Kvinnherad kommune

Frå administrasjonen møtte:

Anne A. Tranøy
Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall:

Sissel Johnsen
Karsten Fykesnes
Anne T. Johannessen
Roar Gundegjerde
Siri Klokkestuen
Sigurd Andre Maraas
Harald Rydland
Åshild Rygg Tonning
Håkon Frode Særsten
Harry Herstad
Jarle Jacobsen

Bømlo kommune
Bømlo kommune
Bømlo kommune
Etne kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Fitjar kommune
Stord kommune
Stord kommune
Stord kommune
Sveio kommune

**REFERAT FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
FREDAG 4 APRIL KL. 10.00-12.30 PÅ MOSTER AMFI, BØMLO**

Representantskapet fekk ei omvisning i utstillinga "Frå heidendom til Kristendom" med tilhøyrande biletspel "1000 år – ei messe".

Dagleg leiar i Haukelivegen AS, Børge Skårdal, orienterte om arbeidet med E 134.

Sak 01/14 **Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste**
Ordførar i Bømlo kommune ønskte velkomen til Bømlo og gav ei kort orientering om kommunen.

Sak 02/14 **Val av**
• Referent
• Møteleiar
• To representantar til underskriving av protokoll

På møte kom det framlegg om følgjande:

- Referent – Gro Jensen Gjerde
- Møteleiar – Arve Opsanger
- To representantar til underskriving av protokoll – Ida Marlen Havn, Fitjar kommune og Lorentz Lunde, Tysnes kommune.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 03/14 **Godkjenning av årsmelding 2013**

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner framlegg til årsmelding for 2013.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 04/14 **Godkjenning av rekneskap 2013**

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner rekneskapet for 2013.
2. Overskotet på kr. 34 696,- vert overført til annan eigenkapital.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 05/14 Godkjenning av handlingsplan 2014

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner framlegg til handlingsplan for 2014.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 06/14 Val av revisor

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek at Revisorgruppen Sunnhordland DA held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2014.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.


Sak 07/14 Forslag om flytting av Sorenskrivaren på Stord – uttale frå Representantskapet

Administrasjonen la i møte fram eit forslag til uttale der Representantskapet går i mot eit framlegg om å flytta Sorenskrivaren på Stord til Haugesund eller Bergen.

Det vart i møte røysta over om Representantskapet skulle gje uttale eller ikkje. 12 røysta for å gje uttale og ein røysta mot (Ida Marlen Havn, Fitjar).

Det kom i møte forslag om å ta med dei ulike punkta som kom fram i møte. Administrasjonen får fullmakt til å gjera endringane.

Sunnhordland, 7. april 2014



Arve Opsanger
Kvinnherad kommune



Ida Marlen Havn
Fitjar kommune




Lorentz Lunde
Tysnes kommune

Då var føre:

- Sak 01/14 Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/14 Val av
 - Referent
 - Møteleiar
 - To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/14 Godkjenning av årsmelding 2013
Sak 04/14 Godkjenning av rekneskap 2013
Sak 05/14 Godkjenning av handlingsplan 2014
Sak 06/14 Val av revisor
Sak 07/14 Forslag om flytting av sorenskrivaren på Stord

Sunnhordland, 7. april 2014



Arve Opsanger
Kvinnherad kommune



Ida Marien Havn
Fitjar kommune



Lorentz Lunde
Tysnes kommune

Innkalling til møte i representantskapet for Haugaland Vekst IKS

DATO/TID: Fredag 25.04.2014 kl. 12.00-13.00

STED: Sauda Fjordhotell, Saudasjøen

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato:
Journalført:
Arkivkode:

Sakliste:

Sak 1/14: Valg av møteleder.

Sak 2/14: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 3/14: Årsregnskap og styrets beretning for 2013

Se vedlegg

Sak 4/14: Behandling av revidert budsjett 2014.

Se vedlegg

Sak 5/14 Valg av revisor

Sak 6/14 Styregodtgjørelse

Se vedlegg

Sak 7/14 Retningslinjer for bruk av HV-regionråds fond

Se vedlegg

Sak 8/14 Valg til styret

Se vedlegg

Stål Alfredsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
Adm.dir.

Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

mandag 28. april 2014 kl. 18.00

Sted: Tysvær rådhus – Cleng Peerson-rommet (hovedinngang, 2.etg.)
Servering: Enkel
Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 50 eller
Mobil 95 98 69 79 post@kontrollutvalgene.no

Det ønskes svar fra hver enkelt av representantene om en har anledning til å møte, eller må melde forfall. Vi imøteser svar **innen 15. april**, slik at det blir nok tid til evt. å innkalle vararepresentanter.

For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

Til behandling foreligger:

- 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2/14 Godkjenning av protokoll fra møte 07.05.13
- 3/14 Referatsaker
- 4/14 Oppnemning av valgmennd
- 5/14 IKA Rogaland IKS - endring av selskapsavtale og eierandel
- 6/14 Regnskap 2013
- 7/14 Styrets beretning og årsmelding 2013
- 8/14 Egenregi eller kjøp av lønns- og regnskapstjenester
- 9/14 Budsjett 2015
- 10/14 Økonomiplan 2015 – 2018
- 11/14 Overordnet strategiplan 2014 - 2018

Aksdal 10.04.14

(sign.)
Aasmund Austerheim
representantskapets leder

(sign.)
Toril Hallsjø
daglig leder

Kopi: Vararepresentanter
medlemskommunene v/postmottak
styret
revisor



HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Representantskapet

Dato 14.04.14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 14.04.14
Journalført: 14/133/034
Arkivkode: 026

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
ONSDAG 21. MAI KL 15.00-17.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes onsdag 21.05.14 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 19. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Ordfører Kyrre Lindanger, 5561 Bokn
Bokn	May Jorunn Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Sigve Sørheim, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Gunlaug Pedersen, Mæland, 5590 Etne
Haugesund	Norman Thune jr, Norrønagata 19, 5529 Haugesund
Haugesund	Torleiv Kvalvik, Haugaleite 24, 5515 Haugesund
Haugesund	Arne Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Haugesund	Alf Edvinson, Valhallgata 5, 5531 Haugesund
Tysvær	Ordfører Harald A. Stakkestad, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Lars Birger Baustad, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Skartland, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat, Pb 57, 5575 Aksdal
Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdalsvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Anita Kro, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Ingrid T. Rein, Tambarskjelves gate 12, 5523 Haugesund
Tysvær	Varaordfører Kristine Aurdal, 5576 Tysværvåg
Vindafjord	Marit Aga Hustvedt, Pb. 33, 5589 Sandeid

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn
Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne
Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund
Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker

14.01 Protokoll fra møte i representantskapet 13.11.13

Vedtakssaker:

14.02 Årsmelding og regnskap 2013


14.03 Valg av styre i HIM

14.04 Godtgjørelse til styret i HIM

Eventuelt:

Ordet fritt.

Kyrre Lindanger
Leder repr.skapet



Gro Staveland
Adm direktør

VEDLEGG SAK 7/14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 2.05.14
Journalført: 14/167/094
Arkivkode: 026

Krisesenter vest IKS

Postboks 495

5501 Haugesund

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET, ONSDAG 28.05.2014,
KL.12.00, I FORMANNSKAPSSALEN, HAUGESUND RÅDHUS.**

SAKSLISTE:

Sak a GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

VALG AV REFERENT OG 2 TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN.

Sak b ÅRSMELDING MED REVIDERT REGNSKAP.

Styret anbefaler at regnskapsmessig mindreforbruk – kr. 449 972,52

Settes av til disposisjonsfond.

Sakspapir sendes i posten.

Sak c HONORAR TIL STYRET.

Styret har utarbeidet følgende forslag til honorar til styret:

Styrets leder : kr.20 000,- pr år.

Øvrige medlemmer av styret : kr.2 000,- pr. frammøte.

Honorar er ført som ny post i budsjettet for 2015, med kr. 60 000,-.

Sak d BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.

Sakspapir sendes i posten.

Sak e VALG AV MEDLEMMER TIL STYRET.

Forslag ettersendes.

Sak f VALG AV LEDER OG NESTLEDER TIL STYRET.

Sak g VALG AV REVISOR.

Innstilling fra styret : Apeland revisjon.

Haugesund , 2.05.2014,

May Lise Skogøy

Daglig leder.

Liv Kari Eskeland

Representantskapets leder.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	08.05.14	08/14
Formannskapet	03.06.14	
Kommunestyret	17.06.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013**Vedlegg:**

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2013
2. Revisjonsmelding for 2013 frå KPMG AS v/Willy Hauge
3. Årsoppgjersbrev – (blir ettersendt eller lagt fram i møtet)
4. Hovudoversyn – rekneskapen 2013
5. Årsmelding 2013 (ligg på kommunen si heimeside)

Saksorientering:**Innleiing**

Vedlagt følgjer Etne kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2013, signert revisjonsmelding frå KPMG dagsett 30.04.14 (vedlegg 2) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil også rådmann, rekneskapsansvarleg og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskrifta § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir følgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Etne kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2013 og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen si årsrapport.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 13,8 mill. kr.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på ca. 9,6 mill. kr mot revidert budsjett på 1,7 mill. kr. Det utgjør 3,2 %, som er over anbefalt nivå på 3 %. I fjor var den på 4,35 %.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2013 er på 19 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 28 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 3.571.822 kr.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen.

Eller som det står i kommunelova § 48 pkt 5:

«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.»

Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld likestilling i kommunen. Dette punktet ble tatt inn for ein del år sida og er innarbeida i meldinga. Det skal seiast noko om tiltak som er satt i verk, og tiltak som planleggast for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentarar:

